

## **Status Oktober 2019:**

Deltakarane i forskingssirkelen er no på plass. I denne er oss to forskarar, to personar frå NAV og to personar frå barnevernet med, i tillegg til tre foreldre med erfaring frå både barnevernet og NAV og tre ungdommar med erfaring frå barnevernet som har vekse opp i familiar med låg inntekt. Mandag 21.oktober hadde me vårt første møte i forskingssirkelen. Det var god stemning og mykje engasjement i gruppa. Første møte vart brukt til å bli betre kjend med kvarandre og til å utforske kvarandre sine erfaringar og forståingar av kva det vil seie å medverke for barn. Me skal ha to møte til før nyttår, og me gler oss til det vidare arbeidet.

I tillegg til møta i forskingssirkelen vert det jobba med å gjennomføre ein systematisk litteraturstudie om vilkår for barns deltaking i sosiale tenester. I litteraturstudien vil me utforske og gjennomføre analysar av eksisterande forskingslitteratur om korleis barn sjølv forstår og definerer brukarmedverknad, kva ønske og behov dei har for medverknad og kva barrierer og muligheter dei har opplevd for brukarmedverknad i sosiale tenester. Planen er å ferdigstille litteraturstudien innan utgangen av april 2020.